



## **Høyringssvar frå Gloppen Frivilligsentral**

### **«Ny forskrift om tilskudd til frivilligsentraler»**

Styret i Gloppen Frivilligsentral er positive til høyringsbrevet frå Kulturdepartementet om ny forskrift om tilskot til frivilligsentralane. I høyringsnotatet er det gode skildringar av funksjonen til frivilligsentralen som vi kjenner oss igjen i frå vår sentral og vårt lokalmiljø. Vi ser at dei krav og forventningar som blir skildra stemmer med drifta ved Gloppen Frivilligsentral i dag og dei ønskjer vi har for utvikling.

Kulturdepartementet ber særskild om innspel på dei ulike finansieringsmodellane. Gloppen Frivilligsentral ønskjer finansieringsmodell 1.

Vi er kjende med høyringssvaret frå Norges Frivilligsentaler og vi vil stille oss bak deira innspel.

Vi støttar kravet om kommunal medfinansiering og ser absolutt behovet for ei heil stilling. Vi vil her påpeike at krava og forventningane til frivilligsentralane er store og best ville blitt svart på med eit større fagmiljø med fleire tilsette. Det er viktig at det er opning for å finne lokale løysingar på denne utfordringa.

Sandane 5.oktober 2021

Anders Ryssdal

Styreleiar i Gloppen Frivilligsentral